



Dagleg leiar Tor Vidar Sæle ved AFA har fått innfridd ønsket sitt om fleire medarbeidarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

#### **AFA i Uskedalen har i den seinare tid fått fleire medarbeidarar**

Tre nye VTA-medarbeidarar er på plass og to av dei kom 1. juli og ein 1. august. Det er også ansatt ein ny kontormedarbeidar, som hadde første arbeidsdagen sin 1. september.

I siste styremøte vart styret konstituert og Hans J. Berge vart attvald som styreleiar og Lovise H. Sunde som nestleiar. Styremedlemmer er Kjell Yri, Leif Kongestøl, Kjell Ottar Bauge og Ove Sæbøe.

Dagleg leiar Tor Vidar Sæle opplyste at dei i sommar har vaska og måla AFA-bygget på utsida, merka opp parkeringsplass og laga ny uteplass/utstilling.

Dei er også nesten ferdig med oppussing av garderobeanlegg og lager samt to nye kontor.

Av Ola Matti Mathisen